

No har det første kullet gjennomført **Bavallsprogrammet** som varer i eitt år.



# Ei annleis leiarsamling

Eli-Karin Yndestad og Marianne Borge brukar sine erfaringar og kompetanse for å få fram gode leiingar.

Leiingar frå Toro har vore fire helgar på Voss, der dei har hatt samling i to dagar kvar gong.

Borge og Yndestad møttest i Bergen, og fann fort kjemien og ei felles forståing for kva som er viktig for ein leiing.

Begge to er utdanna vegleiarar, og har jobba som det tidligare.

**– DET ME OPPDAGA FRÅ TIDLEGARE** erfaringar, var at det er dei same tinga som går att i kvar bedrift, seier Borge.

– Det var dei enklaste tinga som vart vanskeleggjorde og det var lite forståing for relasjonar mellom menneske, seier Borge.

Ho og Yndestad vil at Bavallsprogrammet skal vera ein dørøpnar for å gjer dei vanskelege tinga enkle i arbeidsdagen.

Det er òg tanken bak utandørsaktivitetane som dei skipar til.

– Ein kan læra mykje av å vera ute, og me tek for oss ulike tema i aktivitetane våre, fortel Yndestad.

Bavallsprogrammet er eit aktivt program, og Borge og Yndestad har tett oppfølging av deltakarane sine.

– Den einskilde får personlege vegleiingstimar mellom kvar samling, der me fokuserer på deira eigne utviklingsplanar og konkrete endringar og framsteg i kvardagen, seier Yndestad.

– Det er mest av kvardagane, og det er på jobb ein skal utvikla seg, seier Borge.

Målet er at kvar enkelt leiar skal verta ein trygg leiar og bevisst på seg sjølv i jobbkvardagen.

Samlingane held til i Bavallstunet, og det var heilt naturleg for Yndestad og Borge å leggja programmet til Bavallen.



**SUPPE I FARTA:** Aking kan ein overføra til andre situasjonar i kvardagen, meiner Marianne Borge i Bavallsprogrammet.

**SUPPERÅD?** (over): – Programmet har vore til god hjelp for bedrifta, seier fabrikk-sjef Jan Arne Vevatne i Toro.

« Det er veldig fint at me har fått **god oppfølging** heile vegen, og dessutan ser me forandring hjå mange

JAN ARNE VEVATNE  
FABRIKKSJEF I TORO

– Me hadde veldig lyst at namnet skulle knytast til Voss på ein eller annan måte, fortel Borge.

Yndestad har tidlegare hatt samarbeid med Voss Resort, og erfart kva kvalitetar dei kan tilby.

Toro har gjennomført eitt år med samlingar, og har tinga eitt år til.

Fabrikk-sjef Jan Arne Vevatne i Toro, meiner at programmet har vore til god hjelp for bedrifta.

– Det er veldig fint at me har fått god oppfølging heile vegen, og dessutan ser me forandring hjå mange, meiner Vevatne.

Toro har prøvd fleire samlingar, men funne ut at programmet på Voss er det beste for dei.

Denne gongen er det aking frå toppen av stolheisen og ned til Varmestova i Bavallen som står på programmet.

– Ein slik aktivitet kan ein overføra til andre situasjonar i kvardagen, fortel Borge.

**– OPPGÅVENE ME LEGG OPP TIL** krev eit aktivt samarbeid, og det er ein føresetnad at alle deltakarane er involverte for at oppgåvene skal verta godkjende, seier Borge.

– Me har gjort det til ein kunst å tilby ulike utandørsaktivitetar, meiner damene.

Heile Voss Resort er i bruk, og aktivitetane er lagde opp slik at alle kan vera med, om ein er glad i fart eller ikkje.

Fleire vossverksemdar saman med bergensverksemdar tok til på eit nytt kull i Bavallsprogrammet i november i fjor.